



Giske kommune  
Historisk og framtidsretta

Framlegg til plandokument

20.10.2016

Rev 26.10.2016


Rev 30.11.2016

Eigengodkjent

15.12.2016

sak K-085/16

## Planomtale og føresegner for Ny Skuleveg, Giske - Giske kommune Områdeplan




## Innhald

1. Samandrag	2
2. Bakgrunn/føremål med planarbeidet	3
3. Planprosess og medverknad	4
5. Planområdet – eksisterende situasjon	6
6. Omtale av planen	9
8. Konsekvensar av plan	18
9. Føresegner	20
10. Plankart	23

Figur 1 framside. Ortofoto med planområdet

## 1. Samandrag

Hovudtrekk i planen



Figur 2. Oversikt som synar dagens situasjon med skisse av alternativ vegføring





Figur 3. Oversikt over vegnamna i og ved planområdet.



Bilete 1: Giskebrua, fv658, fra Valderøya til Giske

## 2. Bakgrunn/føremål med planarbeidet

### Planarbeidet

Giske kommune utfører planarbeidet med å regulere nye hovedvegar med fortau/ gang- og sykkelveg for delar av øya Giske. Frå skulen til og med Giskebrua.

### Eigarforhold

Fleire private eigarar vil bli råka av reguleringa, og fylkeskommunen som vegeiar blir råka.

### Tidlegare vedtak i saka

I Komité for kultur, miljø og teknisk saker (KKMT) er det gjort vedtak om oppstart av planarbeid for å regulere hovudvegar på delar av Giske, jamfør vedtak [KKMT-060/15](#), møte 11.06.2015.

### Formål med planen

Føremål med planen er å regulere inn eksisterande hovudveg til øya Giske (del av fv658), eksisterande hovudvegar på øya (del av Gjerdevegen), ny skuleveg og ny veg sørover mot Giske kyrkje. Langs alle hovudvegane er det ønskeleg å regulere inn fortau (Gjerdevegen), kombinert tilkomstveg og gang- og sykkelveg (Skulevegen) eller gang- og fortau (fv658). Regulert bustadareal i gjeldande reguleringsplanar vil bli vidareført, med noko justering på grunn av ny vegline. I hovudsak blir bustadareal regulert med krav om detaljregulering, som i gjeldande planar.

### Plantype

Planen vil bli fremja som områdeplan etter plan- og bygningslova [§ 12-2](#).

### Kartgrunnlag

Kommunen sitt digitale basiskartet blir brukt som grunnlag til planen. Koordinatsystem er i UTM sone 32/Euref89. Uttrekk av kartdata samsvarar med dato på plankartet (pdf).



## Plandata

Namnet på områdeplanen er Ny skuleveg, Giske. Planen består av:

- Plankart i målestokk 1:1500, målestokkrett A0.
- Planomtale med ROS-analyse og reguleringsføresegner.



Bilete 2. Gjerdevegen nord i planområdet. Bilete mot nordaust

## 3. Planprosess og medverknad

### Varsel om oppstart

Varsel om oppstart vart sendt ut med brev av 18.06.2015 til heimelshavarar og naboar til planområdet. Offentleg mynde og fagetatar fekk oversendt varsel om oppstart elektronisk 18.06.2015. Oppstart av plan arbeid vart annonsert i Øy-Blick 18.06.2015. Varsel om oppstart vart lagt ut på kommunen sine heimesider i tidsrommet 18.06 – 06.08.2015.

### Høyringsinstansar som er varsla

Ålesundregionens interkommunale miljøsekskap

Mørenett as

Statens vegvesen

NVE

Møre og Romsdal fylkeskommune og Fylkesmannen

Barn og unge sin representant

Folkehelsekoordinatoren i Giske kommune

### Eigedommar innafor planområdet

Etter matrikkellova skal ikkje kopling mellom namn, adresse og gnr./bnr. bli offentleggjort.

Heile eller delar gnr./bnr. som blir råka av planarbeidet; 127/1, 2, 5, 8, 9, 10, 12, 13, 15, 16, 29, 31, 34, 41, 43, 52, 55, 64, 89, 133, 140, 147, 150, 167, 199, 200, 201, 224/0/1, 224/0/2, 224/0/3, 224/0/4, 224/0/5, 224/0/6, 224/0/7, 224/0/8, 229, 231, 234, 237, 241, 255/0/1, 255/0/2, 255/0/3, 255/0/4, 255/0/5, 255/0/6, 255/0/7, 255/0/8, 255/0/9, 255/0/10, 255/0/11, 255/0/12, 255/0/13, 255/0/14, 255/0/15, 255/0/16, 255/0/17, 255/0/18, 259.

130/2, 3, 6, 7, 8, 9, 17, 24, 25, 41, 43, 48, 107, 111, 112, 113, 115, og 118.

### Saksgong

- Varsel om oppstart – høyringsfrist 4 veker.
- Vurdering av innkomne merknadar, utarbeiding av framlegg til reguleringsplan med føresegnar, ROS-analyse og planomtale.
- Offentleg ettersyn av plandokument i minimum seks veker.
- Reguleringsplanen blir vedteken av kommunestyret
- Klagefrist ein månad



## Framdrift

- Varsel om oppstart vart sendt ut 18.06.2015 med merknadsfrist 06.08.2015 – høyringsfrist om lag 4 veker.
- Vurdering av innkomne merknadar, utarbeiding av framlegg til reguleringsplan med føresegner, ROS-analyse og planomtale.
- Folkemøte 10.05.2016
- Offentleg ettersyn av plandokument i minimum seks veker – sommar 2016.
- Reguleringsplanen blir vedteken av kommunestyret – haust 2016.
- Kunngjering av vedtak, opplysning om klage og klagefrist, før jul 2016.

## Medverknad

Det vart invitert til møte på Giske skule 10.05.2016, der dei ulike vegalternativa var teikna ut og presentert. Dei ulike alternativa vart i god tid før møte lagt ut på kommunen sine heimesider.



Bilete 3. Uteområdet til Giske skule til venstre fra Burmavegen mot nord, samt krysset mellom Skulevegen, Sperravegen/Nilsvegen

## 4. Planstatus og rammeføresetnad for planområdet

### Statlege rammer

[RPR for barn og unge i planleggingen](#)

Tilrettelegging av tryggare ferdsel langs veg, skuleveg og leikeareal.

[RPR for samordna areal og transportplanlegging](#)

Det blir lagt opp til regulering av ny infrastruktur for både mjuke og harde trafikantar.

[Statleg planretningslinje for differensiert forvaltning av strandsona langs sjø](#)

Planen legg opp til noko nedbygging av strandsona, gang- og sykkelveg.

### Overordna plan

I kommuneplanen sin arealdel 2009 – 2021 har området arealformål bustad, LNF, friområde, offentlig bygning og veg.

### Gjeldande plan

Innanfor planområdet er det tre reguleringsplanar; Utviding av Øygarden byggefelt med vidare vegføringar (planident 1990004), Myrane på Giske (planident 2002001) og Rishaugen (planident 1988002). Alle desse planane blir delvis endra ved eigengodkjenning av denne planen.

### Tilgrensande reguleringsplan

I aust grensar planområdet til detaljplan Skjongholmen (planident 2009005).

### Konsekvensutgreiing

Utbyggingsføre mål skal avklarast på høgste plannivå, i dette tilfellet er det kommuneplanen sin arealdel. Detaljreguleringa samsvarar delvis med kommuneplanen sin arealdel, det er ikkje sett av gang- og sykkelveg langs hovudvegen.

Reguleringa fører til små endringar og det vert ikkje sett krav om konsekvensutgreiing på grunn av miljø og samfunnsforhold.



Bilete 4. Dyrka mark sør for krysset mellom Skulevegen og Gjerdevegen



Bilete 5. Giskesanden nord i planområdet, synt fra fv658.

## 5. Planområdet – eksisterande situasjon

### Lokalisering

Planområdet ligg på øya Giske, frå Giskebrua og vestover inn på midten av øya, i hovudsak langs delar av Gjerdevegen og langs heile Skulevegen.

### Avgrensing av planområdet

Føremålet med reguleringa er å regulere inn hovudvegar på Giske med fortau/gang- og sykkelveg, noko som vil definere planområdet. I tillegg vil det vere behov for å justere eksisterande reguleringsplanar som følge av dette.

### Omtale av planområdet/dagens bruk

Delar av fv658 med Giskebrua ligg delvis i sjøen, lenger vest er det landbruksareal og friområde på sørsida. Langs Gjerdevegen er det landbruksareal på austsida, med bustadar på vestsida, med tomter inntil vegen. Langs Skulevegen er det spreidd busetnad, også sør for denne. I vest ligg skulen og ny busetnad sør for planområdet.

### Tilstøytande arealbruk

Tilstøytande arealbruk er i hovudsak landbruksareal, skule og bustadar. Eit lite men viktig område er badeplassen ved Gjerdesanden ved fv658.

### Stadens karakter

I og ved planområdet er det stor variasjon i bruken av areal og bygningar. Største delen av området er ope med få bygningar, for areal sett av til LNF vil dette også gjelde framover tid; området aust for Gjerdevegen.

Langs Skulevegen er det i dag også ope, men dette området er sett av til bustadføre mål i arealdelen, og på sikt vil det bli utbygging i dette området, og området vil skifte karakter.

Det er variasjon i bygningsmasse, med bustadar bygd i ulike epokar/stilartar som gjev variasjon. Sør for vestre del av planområdet er det nyleg bygd konsentrert småhusbusetnad, som er unikt i og ved planområdet. Det ligg også fleire løer i og ved planområdet.



## Landskap

Landskapet blir opplevd einsarta, tilnærma flatt, med lågaste terrenget i aust på om lag kote 2 m, og høgste terrenget i vest, på kote 13 m.


Det er gode solforhold i heile planområdet.

Det opne og flate landskapet gjer at det ikkje blir eige lokalklima i planområdet.

I og ved planområdet er det gamalt kulturlandskap, opparbeid ved gardsdrift, som både har estetisk og kulturell verdi.

## Kulturminne og kulturmiljø

Innanfor planområdet er det ikkje registrert automatisk freda kulturminne eller kulturmiljø frå nyare tid. Ved planområdet er det registrert fleire [SEFRAK](#)-bygg. Det er potensial for funn av automatisk freda kulturminne innanfor planområdet på grunn av mange funn elles på øya.




Figur 4. Automatisk fredag kulturminne i og rundt planområdet. Kjelde: Gis-link.

## Rekreasjonsverdi/ bruk

Planområdet blir nytta til rekreasjon og mosjonsturar for gåande og syklende på eksisterande vegar. Sandvika (Giskesanden) blir mykje nytta som badeplass. Område frå Sandvika (Gjerdensanden) og austover er registrert FRIDA-område; [friluftsområde](#) med lokal verdi, fiskeplass sjø.

## Naturverdiar

Etter sjekk i Gislink er det registrert artar med stor forvaltningsinteresse; stær, gresshoppesangar, sjøorre, alke, svartbak, storspove og hjort. Det er registrert hjortetrekke frå Valderøya. Det er registrert framande artar; sitkagran.



Figur 5. Oversikt over observasjonar artar som sårbare/truga. Kjelde: Artsdata.

## Landbruk

Areal sør for fv658 er landbruksareal i drift og registrert som kjerneområde landbruk. Landbruksareal ved Skulevegen omdisponert til bustadar i kommuneplanen sin arealdel.

## Trafikkforhold

Vegsystemet som er ønska regulert har i dag status som fylkesvegar (fv). Tilkomst til planområdet frå rv658 til fv658 til Godøya. Fv658 mellom Giske og Valderøya har ÅDT på 1840 køyretøy, der lange køyretøy er 9 %. Gjerdevegen, fv128, har ÅDT på 150 køyretøy. Skulevegen, fv129, har ÅDT på 200 køyretøy. Det har skjedd fleire ulykker på vegane innanfor planområdet, men ikkje nokon alvorlege, slik vegane er i dag. Alle registreringane gjeld for 2014, henta frå Statens vegvesen si kartside.

Vegane på Giske er generelt smale, og fleire vegar er så smale at to personbilar ikkje kan passere kvarandre. Skulevegen har i tillegg til å vere smal, djupe grøfter. Trafikktryggleik for mjuke trafikantar er særskild dårleg, særleg rett før og rett etter skuletid.

Fartsgrense på fv658 er 80 km/t til før rundkøyringa, der den blir 60 km/t. Om lag 100 m frå rundkøyringa har Gjerdevegen 50 km/t fartsgrense, før den for resten av fv128 får fartsgrense 30 km/t. Skulevegen har fartsgrense 30 km/t.

Det går rutebussar på øya Giske, og det er opparbeidd busshaldeplass på Gjerdevegen. I tillegg er det ein del busstrafikk i sommarhalvåret til Giske kyrkje.

## Barns interesser

Det er ikkje tilrettelagt for trygg ferdsel for barn og unge i planområdet.

## Sosial infrastruktur

Denne planen vil gjelde teknisk infrastruktur (veg-, gang- og sykkelvegar), sosial infrastruktur blir ikkje vurdert.

## Universell utforming/tilgjenge etter TEK10

Planområdet er relativt flatt, og det ligg godt til rette for universell utforming av området.


## Grunnforhold

Det er ulike grunnforhold innanfor planområdet. Vestleg del er marin strandavsetning, som austover går over i eit område med vindavsetning. Vidare austover er det eit område med torv og myr, før det igjen blir vindavsetning. (finsand) Ved Sandvika (Gjerdanden) er det eit område med marin strandavsetning.

Det ligg både VA- og straumleidningar i grunnen.

Det er ikkje kartlagt skredfare i eller ved planområdet. Etter sjekk i Gislink er det ikkje registrert forureining i grunnen, utover avløpsleidning aust for rundkøyring kryss Gjerdevegen/fv658.

Det er bygd nye bustadar sør for Giske skule, der vart det ikkje registrert dårleg grunn. Det er ikkje indikasjon elles i planområdet at det er dårleg grunnforhold.



Figur 6. Løsmassekart som synar grunntilhøva i og ved planområdet. Kjelde: NGU.



## Teknisk infrastruktur

Det ligg VA-leidningar i og ved planområdet.

Det ligg el-kablar i veg fleire stadar i planområdet, sær fo rplanområdet går det luftstrekk. Ved gnr./bnr. 127/115 er det bygd trafo.

## Luftforureining

Det er ikkje kjent at det er luftforureining til ulempe i planområdet. Luftforureining generert frå vegtrafikk er einaste kjende forureining.

## Støyforhold

Det er registrert vegstøy med gul og raud sone langs fv658. Det er ikkje registrert vegstøy langs dei andre vegane på Giske. Det er ikkje registrert anna kjelde til støy som vil vere til ulempe.

## Næring

Det er ikkje store næringsområde i eller ved planområdet som det trengs å ta omsyn til i planarbeidet.

## Analyser/utgreiingar

Det blir ikkje lagt opp til vurderingar utover planomtalen. Møtre og Romsdal fylkeskommune kom med krav om synleggjering av konsekvensar for kulturminne for alternativ 4 for Skulevegen. I det vidare planarbeid vil ein ikkje gå vidare med alternativ 4.


## 6. Omtale av planen

### Planlagt arealbruk

Det er overordna vegsystem som er ønskeleg å regulere med denne planen. Arealbruken blir vidareført som i gjeldande planar for området, med to framlegg til ny hovudveg (Skuleveg), og alle hovudvegar blir regulert med fortau/gang- og sykkelveg. Krav om detaljregulering for nye bustadområde blir vidareført med krav om detaljregulering.

### Plangrense

Det er gjort store endringar i høve plangrensa utsendt ved varsel om oppstart av planarbeid, jamfør [link](#). Største delen av det søraustre området er teke ut av planen på grunn av at aktuell vegløyning ikkje lenger er aktuell i dette området. Planområdet er utvida mot nord og nordaust, for å regulere fortau/gang- og sykkelveg langs Gjerdevegen og fv658, og veg langs fv658. I samband med avgrensa ettersyn er plangrensa utvida med BF\_2B og leikearela f\_L\_1 og turveg er justert.



Figur 7. Utsnitt av ortofoto med plangrense

## Vurdering av veg alternativ

I samband med varsel om oppstart vart det skissert 4 veg alternativ, jamfør skisse til høgre. Fargekoding syner alternativ.

### Alt. 1 - gul linje

Etter interne vurderingar, merknadar til oppstartsvarelet og i samband med møte på Giske vart dette framlegget forkasta. Det er fleire grunneigarar som ønskjer at eksisterande Skuleveg skal oppgarderast. Hovudargument mot er at det vil vere utfordrande med trafikkavvikling dersom eksisterande Skuleveg skal utbetrast, det er dårlegare grunntilhøve og det vil verte eit betre vegsystem med ny Skuleveg for nytt bustadområde sør for Skulevegen.

### Alt. 2 - grøn linje

Ein variant av dette alternativet vart lagt fram til politisk handsaming juni 2016, alt 2B, saman med ein variant av alt. 3; alt 3B. Det vart gjort vedtak om å leggje ut alt. 2B til offentleg ettersyn.

### Alt. 3 - oransje linje

Ein variant av dette alternativet vart lagt fram til politisk handsaming juni 2016, alt 3B, saman med ein variant av alt. 2; alt 2B. Det vart gjort vedtak om ikkje å leggje ut alt. 3B til offentleg ettersyn.


### Alt. 4 - raud linje

Frå rådmannen si side vart alt. 4 vurdert som den beste løysinga for framtida. Men etter merknadar til oppstartsvarelet og i samband med møte på Giske vart dette framlegget forkasta. Hovudargument er

kostnadar og gjennomføring.

### Avgrensa ettersyn

Til avgrensa ettersyn er justert framlegg av 2B som går til politisk handsaming, hovud endringane er at fortau langs ny Skuleveg er lagt på sørsida av vegen og det er gjort nokre endringar i vestleg del av planområdet, f\_L\_1 er endra, turvegen er forlenga og det er lagt inn nytt bustadområde; BF\_2B



Figur 7b. Illustrasjon som syner fire ulike vegtraser, jamfør varsel om oppstart av planarbeid.



## Vurdering av veg alternativ før offentlig ettersyn

I samband med offentlig ettersyn vart det utarbeidd to alternative vegløyningar for ny Skuleveg, alternativ 2B og 3B. Begge alternativa er likt utforma i vestleg del og frå kryss ny Skuleveg/Gjerdevegen. Alternativa har sine føremoner og ulemper, men alternativ 3B gjev ei uehdig arrondering av spesielt BF\_3B.

I samband med utarbeiding av plandokumenta er det vurdert at det alternativet som gjev mest føremoner er alternativ 2B når det gjeld kurvatur av ny Skuleveg, kryssløyningar og arrondering av bustadområda.

Det er berre eit alternativ til plankart som skal til eigengodkjenning av planen. Etter vedtak i KMT 21.06.2016 vart berre alternativ 2B lagt ut til offentlig ettersyn. Til avgrensa ettersyn er ein justert versjon av 2B, der fortau langs o\_V\_1 er flytta på sørsida av vegen, vegen flytta tilsvarande mot nord som blir lagt ut.

## Reguleringsformål


Det blir i hovudsak regulert til vegføremål med nødvendig infrastruktur. Planteknisk blir enkelte bustadområde teke med.

## Bustad


Eksisterande busetnad innanfor planområdet blir regulert utan krav om detaljregulering. Ubygd areal i samsvar med kommuneplanen sin arealdel innanfor planområdet, blir regulert med krav om detaljregulering. Det blir lagt føringar for utnytting, byggjehøgde, leikeareal og tilkomst til hovudvegnettet.

### Krav om detaljregulering – omsynssone gjennomføring

I hovudsak blir det i planen lagt opp til detaljregulering av bustadområde, dette gjeld for BF\_4 og BF\_8. For eksisterande bustadar i planområdet; BF\_3, BF\_5 – BF\_7 og BF\_9, blir det ikkje sett krav om detaljregulering.



Figur 8. Bustadsområda kring skulen alternativ 2B



Figur 9. Bustadsområda kring skulen alternativ 3B

Områda BF\_1, BF\_2 og BF\_2B blir teke med for å rydde opp i regulerte vegløyningar som ikkje skal vidareførast. For tomtene BF\_1, BF\_2 og BF\_2B blir det ikkje sett krav om detaljregulering.

#### Utnytting/byggjehøgde


For alle utbyggingsområda blir det lagt opp til utnyttingsgrad på inntil 30 % [BYA](#), maksimal gesimshøgde blir sett til 7 m , maksimal mønehøgde blir sett til 8 m, begge målt frå gjennomsnittleg terreng. Det blir lagt opp til inntil tomannsbustadar i denne planen, dette kan vurderast i samband med detaljregulering. For BF\_1 og BF\_2 blir det ikkje sett krav om detaljregulering, det blir for desse tomtene ikkje oppna for tomannsbustadar eller sekundærbustad.

#### Byggjegrænse

Byggjegrænse mot Skulevegen blir sett til 10 m frå senterline der det ikkje er regulert inn fortau. For kommunal veg blir det regulert 4 m frå annan veggrunn. For dei områda som det er sett krav om detaljregulering blir det ikkje regulert inn byggjegrænse, det er då vegtrafikklova som gjeld for desse områda til det blir regulert inn byggjegrænse.

#### Uteoppfallsareal/leikeareal

I samband med omregulering i vestleg del av planområdet blir regulert offentleg friområde/leikeareal vidareført, men flytta vekk frå Skulevegen/Burmavegen. f\_L\_1 kan også nyttast til møteplass for andre enn barn og unge. Det er lagt til rette for turveg inne i bustadområdet for å gje tryggare tilkomst til leikeplass for dei minste borna. For den spreidde eksisterande busetnaden elles i planområdet er det ikkje regulert inn nærleikeplassar. I samband med detaljregulering vil det bli sett



Figur 10. Uteoppfallsareal og leikeareal. Gjeldande planar med svakare fargar.

krav om leikeareal, jamfør [Leikeklassnorma](#).

Planen legg opp til moderat utnytting. Dette for å enkelt stette krav om uteoppfallsareal på 100 m<sup>2</sup> per bueining, der minst 25 m<sup>2</sup> skal vere privat eller skjerma.

#### Parkering

Det blir sett krav om to biloppstillingsplassar per bueining, som skal reknast med 18 m<sup>2</sup> per plass, uavhengig om den byggast over eller ikkje. Om der er ei bueining med hybelleilighet under 40 m<sup>2</sup> skal det settast av ein biloppstillingsplass som reknast 18 m<sup>2</sup>. Minst ein av biloppstillingsplassane skal vere mogleg å byggje tak over, enten som garasjelegg, garasje eller carport.

#### Undervisning

Ved Giske skule er det regulert inn meir areal til skulen, vest for opparbeid parkeringsplass ved skulen. Dette kan nyttast til parkering/utviding av skuleområdet.

#### Vegar, gang- og sykkelveg (GS) og fortau

Ei hovudutfordring på øya Giske er veg, vegar som kan ta unna trafikken til/frå øya og trafikktryggleik for mjuke trafikantar.

#### Utforming av vegar

Fv658 blir regulert som bygd, med breidde 8 m inklusiv skulder. Stigningsforholda over Giskebrua stettar ikkje dagens krav til stigningsforhold.

Del av Gjerdevegen, ny Skuleveg og del av Kabbertavegen blir regulert med 6 m vegbreidde inklusiv skulder. For desse vegane er det tilfredstillande stigningsforhold.

Bedehusvegen, Rabbevegen og kommunale samleveggar (tilkomst vegar til eksisterande Skuleveg) blir regulert med 5 m vegbreidde inklusiv skulder. Sperravegen og Stormilsvegen blir regulert med 4 m vegbreidde inklusiv skulder, Nilsvegen blir regulert som bygd, 3 m vegbreidde inklusiv skulder.

#### Krav til samtidig opparbeiding

Det blir sett krav om samtidig opparbeiding av fortau langs ny Skuleveg (o\_V\_1).

#### Felles tilkomst

I samband med reguleringa er det ikkje ønskeleg å leggje til rette for privat tilkomst til hovudvegane (del av Gjerde vegen, ny Skuleveg og del av



Kabbertavegen). Der det er mogleg er det ønske om å sanere private tilkomstar til desse vegane. I samband med detaljreguleringa av nye bustadområde sør for eksisterande Skuleveg må det leggast til rette for samleveggar inn på hovudvegane.

#### Omtale av dei ulike vegane/alternativa


##### Fv658

Fv658 blir regulert som den er bygd, gjeldande reguleringsplan ved rundkøringa blir justert. Strekninga frå rundkøringa til landfeste på Skjongholmen blir regulert, med gang- og sykkelveg på sørsida av vegen. Gang- og sykkelveg blir regulert som gang- og sykkelveg med fysisk skilje mot bilveg, som bygd mellom Valderøya og Skjongholmen, breidde 3,5 m, inklusiv 0,5 m skulder. Frå Gjerdesanden og austover til brua blir det sikra areal til GS langs fv658. Det må lagast til god og trygg kryssing av fv658 frå sørleg strand til parkeringsplassen. Det er ikkje ønskeleg å fylle ut i terreng på denne strekninga, samband med prosjektering av GS vil det bli vurdert slike løysingar, til dømes støping av dekke eller løysing i stål. Tilsvarande gjeld for brua, i samband med prosjektering må løysing for utviding av GS over brua bli utarbeidd. Også over brua blir det regulert breidde 3,5 m, inklusiv 0,5 m skulder, skulder for rekkverk på utsida av GS. Regulert veg og GS langs Giskebrua blir regulert som anlegg over bakken, i plankartet blir Giskebrua synt med stipla linjer utan flater.


##### Skulevegen

Innanfor planområdet er det lagt opp til eit alternativ for ny Skuleveg, vidareføring av alternativ 2B, lik gjeldande regulering. Ny Skuleveg regulert sør for eksisterande Skuleveg, med fortau på sørsida av vegen. Dagens Skuleveg skal behaldast som tilkomst veg til eksisterande og ny busetnad i området. For ny Skuleveg skal det ikkje vere private avkøyrslar.

Austleg del av regulert Skuleveg blir lagt slik at det blir plass til fortau på nordsida av vegen fram til Bedehusvegen/



Figur 11. Fv658 og hovuddelen av Gjerdevegen. Ikkje endra etter offentlig ettersyn.



Figur 12. Vestleg del av områdeplan Ny Skuleveg. Det er i dette området endringar til avgrensa ettersyn er utført.

Burmavegen.

Gjerdevegen

For sørleg del av Gjerdevegen blir det regulert t-kryss med Gjerdevegen, med avkøyring til Gjerdevegen frå Skulevegen.

Nordleg del av Gjerdevegen, frå Skulevegen til rundkøyring med fv658, blir regulert med fortau på vestsida, breidde 3,0 m, inklusiv 0,5 m skulder. Fortau på vestsida vil gje minst kryssing av Gjerdevegen av barn frå Rishaugen, trygg skuleveg. Om lag hundre meter før rundkøyring kryssar fortau Gjerdevegen til austsida av vegen og blir regulert som gang- og sykkelveg med fysisk skilje mot bilveg, som bygd mellom Valderøya og Skjongholmen, breidde 3,5 m, inklusiv 0,5 m skulder.

Kabbertavegen

I planen blir Kabbertavegen regulert som x-kryss med ny (regulert) Skuleveg. Nord for regulert ny Skuleveg blir Kabbertavegen samleveg til eksisterande og ny bustadar. Dagens Skuleveg blir tilkomst veg til nordleg del av Kabbertavegen og blir stengt for gjennomkøyring i aust og vest. Desse vegane vil truleg få nytt namn. Sørleg Kabbertaveg skal vere framtidig hovudveg til Giske kyrkje og løyse ut delar av det store arealet som er lagt ut som bustad sør for regulert Skuleveg i kommuneplan sin arealdel.

Rabbevegen

Regulert Skuleveg opprettheld t-kryss sørover for Rabbevegen.

Stornilsvegen

Regulerer x-kryss ved Stornilsvegen. Nord for Stornilsvegen blir det regulert inn ny tilkomst til Giske skule.

Nilsvegen

Regulerer t-kryss med Nilsvegen. Nordleg del av Nilsvegen blir trekt austover for å få større avstand til kryss med Sperravegen.

Sperravegen

Regulerer t-kryss med Sperravegen. Nordleg del av Sperravegen blir trekt vestover for å få større avstand til kryss med Nilsvegen.

Bedehusvegen

Regulerer t-kryss med Bedehusvegen.

## Parkering

Ved Giske skule (o\_PA\_1) blir det regulert inn offentlig parkeringsareal sør for opparbeidd parkeringsareal ved skulen, om lag 0,6 daa.

## Landbruksføremål

I samband med justering av regulert veg i området ved rundkøyring fv658 blir regulert vegareal omregulert landbruk og det blir regulert landbruksareal for å leggje inn frisisiktsone i området.

## Universell utforming

Krav til universell utforming vil ligge til grunn for utforming av veg, fortau, GS utbyggingsområde og offentlege område, jamfør Rundskriv T-5/99 B "Tilgjengelighet for alle". Kravet må fråvikast når det skal byggjast ny gang- og sykkelveg over Giskebrua. For å


oppretthalde seglingshøgda vil det verte utfordrande å opnå universell utforming. Også langs Gjerdevegen kan det bli utfordrande å stette krav om universell utforming, sidan fortauet må følgje dagens vegkropp.

## Tilgjenge for gåande /syklande

Det blir lagt opp til betring av ferdsel for mjuke trafikantar med samanhengande gang-/sykkelveg/fortau frå Skjongholmen til Giske skule. Når regulerte vegar er bygd vil trafikken elles på øya truleg bli mindre, så det blir betre for gåande og syklande også på desse vegane.

## Kollektiv

Det går lokalbuss gjennom planområdet med jamne mellomrom, det blir lagt til rette vidareføring av busshaldeplass ved kryss Gjerdevegen/Rishaugen og vidareføring av busshaldeplass ved Giske skule.



Figur 14. Skulevegen med tilhøyrande kryss alternativ 4C



## Planlagde offentlege anlegg

Aktuelle offentlege anlegg er vegar, fortau, gang- og sykkelvear, VA, straum og fiber.

## Miljøoppfølging

Det er ikkje kjend behov for miljøoppfølging i eller ved planområdet

## Landbruksfagleg vurdering

Det er teke omsyn for å byggje ned minst mogleg av landbruksareal. For å få opparbeidd gang-/ og sykkelveg langs fv658 må det nyttast areal av dyrka jord, om lag 1,3 daa. Det er lagt opp til å leggje gang- og sykkelvegen inntil fv658, med fysisk skilje mellom, som mellom Skjongholmen og Valderøya. Langs Gjerdevegen er fortauet lagt på vestsida, i hovudsak på grunn av trafikktrygging, men også på grunn av jordvern. Langs ny Skuleveg er i hovudsak arealet alt omdisponert til bustadføremål. Omdisponering av matjord kan forsvarast med stor samfunnsnytte av trafikksikker skuleveg og tilrettelegging for framtidig utbygging i området sør for Skulevegen.

## Landskap/estetikk

Utbygging av vegar i eit relativt flatt område vil gje små landskapsmessige endringar. Regulert standard på nye vegar og fortau (Ny Skuleveg og Kabbertavegen) vil bryte med eksisterande vegsystem på øya. Tilsvarande vegstandard finn ein berre på nordre del av Gjerdevegen og regulert for ny Øydgardsveg.

## Kulturminne og kulturlandskap

Dersom ein under arbeid innanfor planområdet kjem over noko som kan vere automatisk freda kulturminne, pliktar ein å stogge arbeidet og ta kontakt med kulturavdelinga hjå fylkeskommunen for avklaring, jamfør kulturminnelova § 8 andre ledd.

I samband med varsel om oppstart av planarbeid vart det sett krav om arkeologisk registrering før eigengodkjenning. Arkeologisk registrering vart utført veke 41 og veke 42. Det vart gjort funn av automatisk freda kulturminner i området ved rundkøyning fv658. Etter samtalar med kulturavdelinga hjå fylkeskommunen blir det frå kommunen fremja søknad om dispensasjon frå alle fire lokalitetar. Lokalitetane blir markert som Rpbestemmelsesområde med unik nummerering i plankartet; RpBo\_#. Berre den delen av lokalitetane som ligg innanfor planområdet

blir teke med i Rpbestemmelsesområda. Til RpBo-områda blir det knytt føresegn med vilkår for dispensasjon. Dersom dispensasjon bli innvilga vil den gjelde frå vedtak av planen. Utsnitt av plankartet med omfang av automatisk freda kulturminne på neste side.

## Sosial infrastruktur

Planen vil ha liten innverknad på sosial infrastruktur, den legg til rette for utbygging av inntil 10 nye bueiningar innanfor BF\_1 og BF\_2.

## Plan for VA, tilknytning til offentleg nett

I samband med offentleg ettersyn må det utarbeidast eit forprosjekt for å grov avklare VA for området.

## Plan for avfallshenting

Plan for avfallshenting må utarbeidast i samband med detajplanlegging av bustadområde med tilkomstvegar/samlevegar.

## Naturmangfaldlova (nml)

Etter § 7 i nml skal prinsippa i §§ 8 til 12 vurderast:


### § 8 Kunnskapsgrunnlaget

Planen kan medføre inngrep etter nml, det er difor gjennomført ein utsjekk i Naturbase og Artsdatabanken. Etter sjekk i Naturbase er det registrert artar som er **sårbare**; sjøorre, stjertand, storspove, sanglerke, **nær truga**; svartand, fiskemåke, gulspurv, ærfugl, gresshoppesanger, stær og **truga**; alke, krykkje og svarthalespove.

Nord for eksisterande Skuleveg er det registrert viktig naturtype, kystmyr.

### § 9 Føre var prinsippet

På bakgrunn av registreringar og lokal informasjon er det ikkje grunn til å anta at det er nokon anna trua naturtype eller trua art i det aktuelle området. Føre var prinsippet blir tillagt mindre vekt i denne saka.



Figur 14B. Utsnitt av plankartet med påteikning av lokalitetar for automatisk freda kulturminne, synt med blå stipla linje.



## Støy

Statens vegvesen har utarbeidd støykart langs riks- og fylkesveggar i kommunen. Delar av vegane i planen kjem innanfor gul og raudstøysone, det gjeld langs fv658. Ny eller eksisterande busetnad kjem ikkje i konflikt med registert vegstøy. Det er låg ÅDT og hastigheit på vegane på øya Giske.

## Folkehelse

Planen legg til rette for gang-/sykkelveg/fortau langs hovudveggar på øya Giske, det blir tryggare skuleveg og det blir tryggare for andre mjuke trafikantar. Når gang-/og sykkelveg/fortau er utbygd vil Giske vere ein del av eit større samanhengande nett, der ein bind saman Giske med Valderøya og det blir lettare tilkomst til Gjerdesanden.

## Born og unge


Det blir lagt til rette for trygg skule- og fritidsveg for den austlege delen av Giske. Barnetrakk syner Skulevegen blir både nytta som skuleveg og fritidsveg. I vestre del av Skulevegen blir det større avstand til ny hovudveg, meir areal til skulen og betre oversikt i kryss. Det er gjort mange registreringar om at det er farleg over Giske brua og kryssing frå parkeringsplassen ved Gjerdesanden til badestranda på sørsida av parkeringsplassen.

## Flaum/erosjon/stormflo

Flaum og erosjonsfare blir vurdert som liten. Stormflo må vurderast i samband med prosjektering av gang- og sykkelveg langs fv658 ved Giskebrua. Det blir synt til rettliar frå DSB - [Havnivåstiging og stormflo](#).

## Rekkjefølgjekrav

Det blir sett rekkjefølgjekrav om samtidig opparbeiding av fortau langs o\_V\_1 (Ny Skuleveg) og opparbeiding av leikeplass f\_L\_1 før det kan gjevast bruksløyve eller ferdigattest.



Figur 15. Utsnitt av barnetrakk av registrering gjort i 2015.

## 7. ROS-analyse

Målsetjinga med denne analysen er å lage ei oversikt som avdekkjer risiko og sårbarheit (ROS) som følgje av detaljplanen. ROS-analyse skal også identifisere avbøtande tiltak som reduserer eller eliminerer uakseptabel risiko. Fylkesmannen i Møre og Romsdal har utarbeidd ei sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i samfunnsplanlegginga.

\* Strekning langs fv658 ved Giskebrua kan vere utsett for stormflo.

\*\* Giske skule ligg i vestleg del av planområdet.

I samband med avgrensa ettersyn er det lagt inn faresone ved høgspenteleidning i sørvestre del av planområdet, raud skravur. Det er i føresgnene ikkje lagt opp til at område kan nyttast til varig opphald før høgspenteleidning er fjerna eller det er gjort målingar som tilseier at det blir akseptable verdiar for elektromagnetisk stråling. Det blir synt til [link](#).

### Oppsummering no situasjon og etter utbygging

Utbygging vil gje relativt små synlege inngrep i det flate landskapet på Giske. Utbygging av bustadområdet sør for Skulevegen vil medføre store endringar i landskapet, noko som må vurderast nærare i samband med detaljregulering av desse områda. Utbygging av gang-/og sykkelveg/fortau vil gjere det vesentleg tryggare for mjuke trafikantar i området, ikkje minst for barn og unge.

## Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i samfunnsplanlegginga

Utarbeidd av beredskapsseksjonen, Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Oppdatert 26.02.2009

Emne	Er det knytt uakseptabel risiko til følgjande forhold?	Nei	Ja	
Naturgitte forhold	a	Er området utsett for snø-, jord-, steinskred eller større fjellskred?	X	
	b	Er det fare for flodbølger som følgje av fjellskred i vatn/sjø?	X	
	c	Er det fare for utgliding av området (ustabile grunnforhold)?	X	
	d	Er området utsett for flaum eller flaumskred, også når ein tek omsyn til auka nedbør som følgje moglege av klimaendringar?	X	
	e	Vil skogbrann/lyngbrann i området vere ein fare for bustader/hus?	X	
	f	Er området sårbart for ekstremvêr/stormflo medrekna ei ev. havnivåstigning som følgje av endring i klima?		X*
	g	Er faren for radon vurdert i området?	X	
	h	Er det tatt omsyn til ein potensiell fare for radon (radonsperre)?	X	
	i	Anna (Spesifiser)?		
Omgivnad	a	Er det regulerte vassmagasin med spesiell fare for usikker is i nærleiken?	X	
	b	Er det terrengformasjonar som utgjer spesiell fare (stup etc.)?	X	
	c	Vil tiltaket (utbygging/drenering) kunne føre til oversymjing i lågare-liggande område?	X	
	d	Anna (spesifiser)?		
Verksemdsrisiko	a	Omfattar tiltaket spesielt farlege anlegg?	X	
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar i nærliggande verksemdar (industriføretak etc.), utgjere ein risiko?	X	
Brann/ulykkesberedskap	a	Har området tilstrekkelig sløkkjevassforsyning (mengde og trykk)?		X
	b	Har området gode tilkomstutrykkingskjøretøy?		X
Infrastruktur	a	Er det kjende ulykkespunkt på transportnettet i området?	X	
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar som kan inntreffe på nærliggande transportårar inkl. sjø- og luftfart utgjere ein risiko for området?	X	
	c	Er det transport av farleg gods til/gjennom området?	X	



Kraftforsyning	a	Er området påverka av magnetfelt frå høgspenlinjer?	X	
	b	Er det spesiell klatrefare i høgspenmaster?	X	
	c	Vil tiltaket endre (styrke/svekke) forsyningstryggleiken i området?	X	
Vassforsyning	a	Er det tilstrekkeleg vassforsyning i området?		X
	b	Ligg tiltaket i eller nær nedslagsfeltet for drikkevatt, og kan dette utgjere ein risiko for vassforsyninga?	X	
Sårbare objekt	a	Medfører bortfall av følgjande tenester spesielle ulemper for området: - elektrisitet? - teletenester? - vassforsyning? - renovasjon/spillvatn?	X	
	b	Er det spesielle brannobjekt i området?	X	
	c	Er det omsorgs- og oppvekstinstitusjonar i området?		X* *
Er området påverka/forureina frå tidlegare bruk	a	Gruver: opne sjakter, steintippar etc.?	X	
	b	Militære anlegg: fjellanlegg, piggrådsperringar etc.?	X	
	c	Industriverksemd som t.d. avfallsdeponering?	X	
	d	Anna (spesifiser)?		
Ulovleg verksemd	a	Er tiltaket i seg sjølv et sabotasje-/terrormål?	X	
	b	Finst det potensielle sabotasje-/terrormål i nærleiken?	X	

Sjekklista er gjennomgått den 14/06 - 2016 av *sign.* B. Friisvold

## 8. Konsekvensar av plan

Her omtalast og vurderast verknad og konsekvensar av gjennomføring av planen. Konsekvensar omtalast når planen avvik frå vedteken oversiktsplan, temaplan, vedteken retningslinje, norm eller vedtekt eller når planen vil medføre konsekvensar for natur, miljø eller samfunn. Eventuelle avbøtande tiltak skal omtalast.

### Overordna planar

Områdeplan Skuleveg Giske er delvis i samsvar med kommuneplanen sin arealdel. Dei overordna nye vegane er som lagt opp til i arealdelen. Gang-/og sykkelveg/fortau er ikkje lagt inn i arealdelen, men det blir sett på som ein viktig lekk i vegsystemet på Giske og ikkje minst ein samanbinding over til Skjongholmen (Valderøya) er så viktig at det blir regulert inn. Samfunnsnytta vil vere stor med å sikre trygg ferdsel for mjuke trafikantar, ikkje minst med tanke på framtidige utbyggingsområde sør for eksisterande Skuleveg.

### Endringar i høve gjeldande planar

Gjeldande reguleringsplanar blir i stor grad vidareført. Nytt bustadareal som kan byggjast ut etter denne planen er område BF\_2B, som tidlegare var regulert til trafikkareal. Alle dei andre områda har vore regulert til bustadføremål før, der BF\_4 og BF\_8 hadde krav om utarbeiding av bebyggelse plan, tilsvarende detaljregulering etter dagens plan og bygningslov. Føresegnene er oppdatert til det som er normalt å nytte i dag, det vil medføre høgare bygg, inntil 7 m gesims og 8 m mønehøgde. I gjeldande plan var maks gesims 5,5 m. Frittliggjande småhus blir vidareført som i gjeldande regulering for desse områda. Vegareala blir vidareført, ny Skuleveg blir utvida med fortau langs heile trasen, og det blir regulert inn fortau langs nordre del av Gjerdevegen.

### Landskap

Utbygging i samsvar med plan vil gje relativt små landskapsmessige inngrep. Regulert busetnad utan krav om detaljregulering, vil vere ei vidareføring av eksisterande busetnad, mellom eksisterande hus.

## Staden sin karakter

Denne planen vil ikkje gje dei store endringane av landskapet, men den legg opp at eit større område på Giske kan byggjast ut, noko som vil gje store endringar.

## Barn og unge

Planen vil leggje til rette for tryggare skuleveg og fritidsveg. For ny busetnad utan krav om detaljregulering blir det sett rekkjefølgjekrav om opparbeiding av leikeplass før det kan gjevast bruksløyve/ferdigattest. I dette området blir det også regulert inn snarveg samanbindingar mellom bustadtomtene. For resten av planområdet avsett til busetnad vil det i samband med detaljregulering bli sett krav om leikeplassar, jamfør føresegn og Leikeplassnorma.

## Kulturlandskap og kulturminne, verneverdi

Det er i dag ikkje kjende automatisk freda kulturminne, men det kan vere potensial for slike. I samband med offentleg ettersyn, når ein har oversikt over vegtrasear, vil det bli bestiltt arkeologisk registrering. Det er gjort funn av automatisk freda kulturminne, arealbruken kring desse funna må avklarast før eigengodkjenning av planen, det kan medføre endringar av planen.

## Landbruk

Planen vil medføre at om lag 1,3 daa fulldyrka jord blir omdisponert til vegareal; gang og sykkelveg. Omdisponering av matjord blir vekta opp mot stor samfunnsnytte med å regulere til gang-/og sykkelveg/fortau. Areal omdisponert er regulert så lite som mogleg. Omdisponert areal er randsoner av landbruksareal.

## Naturmangfaldlova

Etter nml § 10 skal påverknad vurderast ut i frå samla belastning området blir utsett for.

Det er registert sårbare og truga artar i og ved planområdet. Utbygging etter planen vil medføre små endringar av habitat til desse artane. Det er små areal av landbruksareal som blir nedbygd i forhold til dei store områda nord og sør for fv658. Det er også små areal av strandsone som blir nedbygd langs fv658. I samband med prosjekteringa av ny Skuleveg må ein vurdere konsekvensane ved drenering langs vegen i forhold til naturtypen.

Det heilskaplege kulturlandskapet blir vurdert å få liten redusert verdi eller bli øydelagd med denne reguleringa eller tiltak i samsvar med reguleringa.

Samla konsekvens blir vurdert å ha liten negativ konsekvens for viltinteresser, biologisk mangfald og naturtypar innanfor eller ved planområdet.

Tiltakshavar må ved inngrep i naturtype kystmyr dekkje kostnadane for å avgrense skade på naturmangfaldet som tiltaket volder, dersom dette ikkje er urimeleg ut frå tiltaket og skaden sin karakter. Dette vil i liten grad gjeld framlegg til trase for ny Skuleveg som det blir lagt opp til i denne planen.

## Rekreasjonsinteresser - bruk

Vegsystema på øya Giske blir brukt til rekreasjon, planen legg til rette for tryggare ferdsel for mjuke trafikantar for delar av øya. Planen legg opp til sikker ferdsel mellom Giske og Valderøya for mjuke trafikantar. Med denne planen blir det regulert samanhengande gang-/og sykkelnett frå Giske, via Valderøya til Roald.

## Uteområder

Uteområde og leikeareal for dei minste blir vurdert å vere tilstrekkeleg for dei nye bustadtomtene som det ikkje er krav om detaljregulering. Det blir i føresegn sett krav om minste uteoppfallsareal (MUA) for bustadtomtene.

## Trafikkforhold

Når vegsystema etter planen blir bygd ut vil ein få breiare, meir oversiktleg og betre veg frå den største bustadkonsentrasjonen på øya Giske og ut på fv658. Breiare og betre veg kan medføre høgare fart. Planen legg til rette for om lag 6 nye bueiningar utan detaljregulering, det blir sett rekkjefølgjekrav om at ny Skuleveg skal vere opparbeidd før det kan gjevast byggjeløyve for nye bueiningar innanfor planområdet. Det må påreknast større trafikk i framtida på desse vegane, det er relativt store område som er lagt ut til bustadføremål sør for eksisterande Skuleveg. På sikt når Kabbertavegen er opparbeidd til regulert standard (detaljplan Giskeremen), vil truleg hovudtyngda av trafikken til Giske kyrkje gå via del av Skulevegen, Kabbertavegen og Giskevegen.

Øygardsvegen ligg utanfor planområdet, men er ein veg som har utfordringar med kapasitet og tryggleik. Med aukande aktivitet ved Øy gardshamna vil utfordringane langs Øygardsvegen bli større.

Utbygging etter planen vil gje betre trafikkflyt for kollektivtrafikken.

## Sosial infrastruktur

Planen legg opp til om lag 6 nye bueiningar, og det vil vere ei marginal auke



i tal born i høve barnehage og skule. Det blir vurdert at denne planen vil ha liten innverknad på skule- og barnehagekapasitet, ikkje minst sidan det er sett rekkjefølgjekrav om ny Skuleveg før det kan bli gjeve bruksløyve/ferdigattest for BF\_1, BF\_2 og BF\_2B.

### Universell utforming

Stort sett vil gang-/og sykkelveg/fortau sette krav til universell utforming, det kan vere utfordrande å stette kravet langs Gjerdevegen, sidan fortaket må byggjast langs eksisterande veg. Over Giske brua vil det ikkje vere mogleg å stette krav om universell utforming, men det blir vurdert slik at det er betre å få bygd gang-/og sykkelveg, sjølv om det må avvikast frå universell utforming når det gjeld stigning.

### Teknisk infrastruktur

Planen legg grunnlag for utbygging av VA-leidningsnett i gang-/sykkelveg/fortau/vegar. I samband med utbygging må det vurderast å leggje trekkerøyr for straum, fiber og liknande for framtidig bruk. Prosjektering av VA har vore gjort i samband med førre plan for regulert Skuleveg, mykje av det kan truleg nyttast opp igjen.

### Økonomiske konsekvensar for kommunen

Kommunen må koste grunnkjøp for gang-/og sykkelvegar/fortau og kommunal vegggrunn, prosjektering av VA-leidningsnett. Det bør bli spleiselag med andre aktørar for å leggje ned trekkerøyr, fiber og straumkablur.

### Interessermotsetningar

Det er fleire interessermotsetningar i planområdet; jordvern, reduksjon av bustadareal opp mot tilkomst til øya/trafikktryggleik/trygg skuleveg.

### Avveging av verknad

I og med at ein ikkje vil gå vidare med alternativ 4 er det mange av merknadane som blir i møtegått; område som ikkje er ønska med i planområdet blir teke ut, ei breiare vurdering av konsekvensar planen vil få for kulturminne vil det ikkje vere behov for sidan framlegg til vegløyvingar i hovudsak er i samsvar med kommuneplanen sin arealdel og det kan verke som framlegg til linjeføringar av ny Skuleveg er i samsvar med ønsket for dei fleste på øya Giske.

## 9. Føresegner

### § 1. Generelt

Området for område regulering er vist på plankartet med planen si avgrensing. Desse føresegnene vil gjelde innafør dette området.

Reguleringsføresegnene kjem i tillegg til plan- og bygningslova og gjeldande bygningsvedtekter for Giske kommune.

Unntak frå reguleringsføresegnene kan, der særlege grunnar talar for det, tillast av Komitè for miljø og tekniske saker innanfor ramma av plan- og bygningslova.

### § 2. Reguleringsformål:

Busetnad og anlegg (pbl § 12-5 nr. 1)  
 Frittliggande småhusbusetnad BF\_#  
 Undervisning  
 Leikeplass

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (pbl § 12-5 nr. 2)  
 Veg  
 Gang-/og sykkelveg/fortau  
 Annan vegggrunn – tekniske anlegg  
 Kollektivhaldeplass  
 Parkering

Grønstruktur (pbl § 12-5 nr. 3)  
 Turveg

Landbruks-, natur- og friluftsføremål (pbl § 12-5 nr. 5)  
 Landbruksføremål

Omsynssone  
 Friskt – H\_140  
 Gjennomføringssone – H\_810

### § 3. Fellesføresegner

Alle anlegg og uteareal innafør planområdet som er tilgjengeleg for allmennheita og private anlegg skal utformast etter prinsippet om universell utforming, slik at

det i så stor utstrekning som mogleg kan nyttast likestilt av alle. Rundskriv T-5/99 B ”Tilgjengelighet for alle” skal leggjast til grunn for utforming av uteområde og anlegg.

Etter at reguleringsføresegnene er sett i kraft er det ikkje tillate ved private servituttar å etablere forhold som står i strid med desse føresegnene.

Dersom det er mistanke eller vert påvist ustabile massar i utbyggingsområdet, skal det gjerast ei grundigare kartlegging i samband med byggesak.

For berekning av utnytting og høgder skal rettleiar H-2300B eller nyare nyttast.

Ved prosjektering av o\_V\_1 skal konsekvensar for myrområdet nord for o\_V\_4 vurderast knytt til drenering langs o\_V\_1.

#### MUA

For bustasdar blir det sett krav om uteoppholdsareal på minst 100 m<sup>2</sup> per buening, der minst 25 m<sup>2</sup> skal vere privat eller skjerma.

#### Automatisk freda kulturminne

I samband med reguleringsplan for ny skuleveg område aust for Giske skule er det gitt løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne, dyrkingslag, id 222920 (RpBo\_1), 222921 (RpBo\_3) og 222922 (RpBo\_4), samt del av femmeterssikringssone (RpBo\_2) rundt id 222919, som vert rørt av «anna veggrunn» på Giskegjerdet, (130/fl.), Giske kommune. Løyvet blir gitt utan vilkår om fleire arkeologiske undersøkingar. Tilstreккеleg dokumentasjon er allereie gjennomført i samband med registrering utført av Møre og Romsdal fylkeskommune. Løyvet gjeld berre det tiltaket det er søkt om.

Dersom ein under arbeid innanfor planområdet kjem over noko som kan vere automatisk freda kulturminne, pliktar ein å stogge arbeidet og ta kontakt med kulturavdelinga hjå fylkeskommunen for avklaring, jamfør kulturminnelova § 8 andre ledd.

## § 4. Busetnad

### Bustad

#### BF\_1, BF\_2 og BF\_2B

Ny busetnad skal tilpassast eksisterande busetnad i nærområdet.

Det kan byggjast frittliggjande einbustad, utan sekundrbolig.

Rekkjefølgjekrav om opparbeiding av o\_V\_1 (ny Skuleveg) før det kan gjevast byggjeløyve.

#### BF\_4 og BF\_8

Krav om detaljregulering før det kan gjevast bruksløyve/ferdigattest innanfor områda.

#### BF\_#

Utnyttingsgraden vert sett til maksimalt BYA 30 %, maksimal gesimshøgde vert sett til 7 m, maksimal mønehøgde vert sett til 8 m, begge over gjennomsnittleg terreng. Det kan berre setjast opp inntil tomannsbustadar innanfor BF\_#.

Krav om 2 biloppstillingsplassar per buening, som minst skal reknast 18 m<sup>2</sup> per plass, sjølv om dei byggast over.

Garasje er uthus med grunnflate inntil 50 m<sup>2</sup>, i ein etasje og med mønehøgde mindre enn 5 m over gjennomsnittleg terreng. Garasje kan ikkje nyttast til varig opphald. Garasje/carport kan plasserast utanfor byggjegrense, dersom krav til frisikt og andre vegtekniske høve er teke i vare. Mot o\_V\_1 kan det ikkje byggjast nærare enn 2 m frå annan veggrunn. Garasje/carport skal synast på utomhusplan ved byggesøknad av bustadhus, sjølv om garasje/carport ikkje skal førast opp samstundes.

Utomhusplan skal sendast inn med byggesøknad. Planen skal syne høgdesetting, avkøyrslar, uteområde, biloppstillingsplassar og avfallshandtering. Utomhusplan skal vere med fargar og i målestokk 1:200.

#### Undervisning

Området skal nyttast til barneskule.



Saman med byggjemelding skal det følgje situasjonsplan som viser bygg, vegar med avkøyrsløse til det offentleg vegnettet, parkeringsplassar i høve til dei krav som følgjer av byggevedtektene i Giske kommune, varemottak og manøvreringsplass for større køyrety. Dessutan skal planen vise gjerde, murar og forslag til terreghøgder og planting.

Tomta skal ikkje utnyttast sterkare enn at det etter bygningsrådet sitt skjøn vert triveleg og gode areal utomhus til leik og rekreasjon.

#### Leikeareal

Leikeplass f\_L\_1 skal vere opparbeidd før det kan gjevast bruksløyve/ferdigattest for BF\_1 og BF\_2.

Før det kan gjevast bruksløyve/ferdigattest innanfor BF\_4 og BF\_8 skal høvesvis f\_L-2 og f\_L\_3 vere ferdig opparbeidd.

Det skal opparbeidast med fast dekke eigna for utplassering av leikeapparat, benkar, ferdsl med barnevogn og rullestol. Minimumskrav til leikeutstyr er: Sandkasse, huske, balansestokk og benkar. Det skal oppførast fysisk stengsle mot Sperravegen, for å hindre at barn spring ut i vegen.

#### **§ 5. Samferdselsanlegg**

Areal sett av til offentleg veg, fylkesveg og kommunal veg er merka med prefiks o.

Areal avsett til offentleg vegføremål i planen skal opparbeidast etter nærare detalj- og byggjeplanar som stettar Statens vegvesen/Giske kommune sine krav til vegbane(bereevne, skråning, dekketype, drenering m.m.)

Breidde på veg, gang/og sykkelveg/fortau og annan veggrunn blir synt i plankartet. Avkøyrsløse skal utformast slik at det blir god sikt i kryss.

#### o\_V\_#

Veg, gang-/og sykkelveg/fortau skal byggjast etter Statens vegvesen si [Håndbok N100](#) [veg og gate utforming](#).

#### f\_V\_1

Vegen skal vere felles for eigedomane gnr./bnr. 127/101, 102 og 164.

#### Parkering

Regulert parkeringsareal skal vere offenteleg.

#### Landbruksavkøyrsløse

Opparbeidde landbruksavkøyrsløse frå Gjerdevegen skal vidareførast.

#### **§ 6. Grønstruktur**

Turveg skal opparbeidast saman med leikeplass f\_L\_1, med dekke som stettar ferdsl med barnevogn/rullestol.

#### **§ 7. Landbruk**

Områda skal nyttast til landbruksføremål.

#### **§ 8. Omsynssone**

##### Sikringssone H\_140 - frisikt

I frisiktsonene skal det vere fri sikt frå 0,5 m over vegplanet innafor sona. Areal innafor frisiktsona skal ikkje nyttast slik at fri sikt på nokon måte vert hindra. Kommunen kan krevje sikthindrande vegetasjon og gjenstandar fjerna. Høgstamma tre, trafikkskilt og lysmaster kan plasserast i frisiktsonene.

##### Faresone H\_370

Innanfor omsynssona kan ikkje oppførast bygg for varig opphald. Dersom det ligg føre målingar som syner at grenseverdiar av elektromagnetisk stråling er innanfor akseptable verdiar kan det dispenserast frå faresone. Dersom høgspenleidning blir fjerna, til dømes ved kabling, fell faresone vekk.

##### Bandlegging etter kulturminnelova - H730

Området omfattar id 222919, førhistorisk fleirfasa dyrkingslag med eldstad og eit belte på 5 m rundt desse.H730 er bandlagt etter lov om kulturminne. Inngrep i grunnen eller andre tiltak som kan virke inn på dei automatisk freda kulturminna i omsynssone H730 er ikkje tillat utan etter dispensasjon frå kulturminnelova. Eventuell søknad skal sendast regional kulturminneforvaltning i god tid før arbeidet er planlagt igangsatt.

##### Gjennomføringssone H\_810 – felles regulering

Krav om felles detaljregulering av areal innanfor kvar av omsynssonene. Dette gjeld BF\_4 og BF\_8.

## **§ 9. Rekkjefølgjekrav**

### Leikeareal

Leikeplass f\_L\_1 skal vere opparbeidd før det kan gjevast bruksløyve eller ferdigattest for første bueining ved BF\_1, BF\_2 og BF\_2B.

Før det kan gjevast bruksløyve/ferdigattest innanfor BF\_4 og BF\_8 skal høvesvis f\_L\_2 og f\_L\_3 vere ferdig opparbeidd.

### Gang-/og sykkelveg/fortau/turveg

Det skal vere samtidig opparbeiding av gang-/og sykkelveg/fortau med o\_V\_1 (Ny Skuleveg).

Turveg skal opparbeidast samtidig med leikeplass f\_L\_1.

### BF\_1, BF\_2, BF\_2B, BF\_4 og BF\_8

Før det kan gjevast byggeløyve for områda skal o\_V\_1 (Ny Skuleveg) og o\_V\_3 (Kabbertavegen) vere opparbeidd.

### Landbruksavkøyrslar

Landbruksavkøyrselr skal opparbeidast samtidig med fortau.







GISKE KOMMUNE

Valderhaug 4  
6050 Valderøya  
Tel.: +47 70 18 80 00  
[www.giske.kommune.no](http://www.giske.kommune.no)